



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
16/22	Driftsutvalet	25.04.2022
62/22	Formannskapet	03.05.2022

Lokal foreskrift om brenning - høyringsutkast

Samandrag:

Forslag til ny lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Vanylven kommune vert lagt fram politisk til gjennomgang. Forskrifta er føreslått lagt ut til offentleg ettersyn.

Formannskapet 03.05.2022

Behandling:

Samrøystes vedtak som tilrådinga frå driftsutvalet.

FO - 62/22 Vedtak

Lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Vanylven kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker i samsvar med forvaltningslova § 37.

Driftsutvalet 25.04.2022

Behandling:

Votering:

4 røyster for kommunedirektøren si tilråding (Leiar Bjørnar Magne Berge, V, Ida Birgitte Marholm, H, Per-Johnny Brekke, H, Knut Aksel Thunem, Ap).

2 røyster mot kommunedirektøren si tilråding (Elisabet Lauvstad Haugen, Frp, Nils Olav Moen, Hp).

DU - 16/22 Vedtak

Driftsutvalet tilrår:

Lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Vanylven kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker i samsvar med forvaltningslova § 37.

Kommunedirektøren si tilråding:

Lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Vanylven kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker i samsvar med forvaltningslova § 37.

Vedtak som innstilling frå Driftsutvalet, 25.04.2022 - 16/22

Driftsutvalet tilrår:

Lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Vanylven kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker i samsvar med forvaltningslova § 37.

Vedlegg:

Lokal forskrift om open brenning av avfall i småomnar i Vanylven

Saksopplysningar:

Føremålet med denne lokal føreskrifta er å hindre ureining og helseproblem i Vanylven, som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar. Vanylven kommune har ikkje hatt lokal forskrift for dette tidlegare. Tilsvarende føreskrift er etablert nabokommunane våre, Stad, Kinn, Herøy, Ulstein og Hareid.

Ved Miljøverndepartementets deligeringsvedtak av 19.07.2001 har kommune myndighet til å fastsette lokal forskrift om open brenning og brenning i småomnar etter forureiningslova § 9. Ei lokal forskrift gjev kommunane moglegheit til å styre kva som skal vere tillete av open brenning.

Forslag til lokal forskrifta for Vanylven er vedlagt saka.

Vurdering og konklusjon:

Forskrifta gjev ein heimel til å regulere brenning. Det er allment fokus på å kunne redusere helseplager og å ta miljøomsyn. Brenning av avfall kan også medføre brannfare. Vanylven brannvesen har fleire slike tilfelle kvart år, der det må rykkast ut til open brenning som er ut av kontroll og/eller er varslet av naboar. Dette er ei utgift for kommunane, fare for liv og helse ved brannstaden, samt gjev nedsett beredskap for å ta seg av andre hendingar.

Forskrifta gjev forbod mot brenning av avfall (§4). Unntak mot forbodet er (§6):

- a. Open brenning på grillinnretning, utepeis og turbål brukt i tradisjonelt friluftsliv der det opplagt ikkje kan starte ein brann.
- b. Brenning av avisopapir og reint trevirke i vedomn, heime eller på fritidsbustad.
- c. Jonsokbål og av reint trevirke, etter søknad til brannvesenet. Bålplassen skal ryddast etter bruk.
- d. Bråtebrenning for rydding av beite og vedlikehald av kulturlandskap utanfor tettbygde strom i tidsperioden 15.september-15.April, etter melding til brannvesenet.
- e. Brenning av tørt hageavfall der det ikkje er til sjenanse for andre, etter melding til Brannvesenet.
- f. Brannøvingar/undervisning, medrekna øvingsbrenning av kondemnerte hus og hus som er miljøsanerte, samt kontrollerte sløkkeøvingar i samband med brannøvingar i regi av Vanylven brann og redning.
- g. Brenning skal kunn finne stad der det openbart ikkje kan føre til brann og er underlagt rammene som følgjer av forskrift om brannførebygging.

Som tidlegare gjeld forbod mot brenning i skog og utmark i tidsperioden 15 apr. – 15 sep. (§5).

Denne føreskrifta gjev brannvesenet i Vanylven større anledning å føre tilsyn og stoppe brenning i strid med føreskrifta. Brot av føreskrifta kan føre til straffansvar ihht. forureiningslova §78.

Lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Vanylven kommune er no klar for handsaming. Forskrifta er tilpassa dei lokale tilhøva i kommunen. Etter høyringsrunden vert forskrifta lagt fram for driftsutvalet og formannskapet, samt kommunestyret til endeleg handsaming.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Helge Kleppe
kommunalsjef